



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Norddal kommune

Tilsynsdato: 26.03.2019

Rapportdato: 02.05.2019

Innhold

| | | |
|----------|--|----------|
| 1 | BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.1 | FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG..... | 3 |
| 1.2 | PÅLEGG OM GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.3 | TILSYNSTEMA | 3 |
| 1.4 | GRUNNLAGSDOKUMENTASJON..... | 4 |
| 1.5 | GJENNOMFØRING | 5 |
| 2 | HOVDINNTRYKK | 6 |
| 3 | RESULTAT FRÅ TILSYNET | 7 |
| 3.1 | MERKNADER | 7 |
| 4 | VIDARE OPPFØLGING | 8 |

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor summera opp nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

| | |
|---|---|
| Tidspunkt for tilsynet: | 22.01.2019 (formøte) 26.03.2019 (tilsyn) |
| Adressa til kommunen: | Postboks 144, 6211 Valldal |
| Kommunenummer: | 1524 |
| Kontaktperson i kommunen: | Aud Lindis Ødegaard |
| Fylkesmannen sitt tilsynslag: | Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er skriven av: | Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er godkjent av: | Helge Møgstad |
| Førebels tilsynsrapport sendt: | 11.04.2019 |
| Endeleg tilsynsrapport sendt: | 02.05.2019 |

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Norddal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2019.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

| Nr. | Dokument | Datering |
|------------|--|-----------------|
| 1. | Styringsdokument for beredskapsarbeidet | 12.03.2018 |
| 2. | Heilskapleg ROS-analyse for Norddal og Stordal | 07.02.2019 |
| 3. | Overordna beredskapsplan | 12.03.2018 |
| 4. | Planstrategi Norddal kommune 2017 - 2020 | Ikkje datert |
| 5. | Kommuneplanen sin samfunnsdel 2007 - 2018 | 01.06.2006 |
| 6. | Kommuneplanen sin arealdel | 25.06.2009 |
| 7. | Plan for helsemessig og sosial beredskap inkl. Smittevern og Pandemi | Ikkje datert |
| 8. | Smittevernplan for Norddal kommune 2007 - 2010 | 02.01.2007 |
| 9. | Beredskapsplan for fjellskred - generell del | 00.12.2015 |
| 10. | Beredskapsplan for fjellskred - Aktørplan - Flytting av kommunale verksemder | 00.12.2015 |
| 11. | Beredskapsplan for fjellskred - Aktørplan - Samordning av tiltak | 00.12.2015 |
| 12. | Skredfarekartlegging i Norddal kommune | Ikkje datert |
| 13. | Kartlegging av kritiske punkt i Vassdrag – Rapport | 08.11.2018 |
| 14. | Internkontroll beredskap 2016 og 2017 | Ikkje datert |
| 15. | Internkontroll beredskap 2018 | Ikkje datert |
| 16. | Beredskapsplakat | Ikkje datert |
| 17. | Evaluering Øving Fårikål 2018 | 12.09.2018 |
| 18. | Evaluering Øving Fårikål 2017 | 24.10.2017 |
| 19. | Oppsummering beredskapsøving Valldal og Eidsdal skule | 26.08.2016 |
| 20. | Referat – Evaluering etter bussulykka, kriseleiinga | 10.08.2016 |
| 21. | Oppsummering uvarsla beredskapsøving | 09.06.2015 |
| 22. | Oppsummering beredskapsøving barnehagane | 15.05.2015 |
| 23. | Evaluering Øving Fårikål 2014 | 29.09.2014 |
| 24. | Varsling av befolkninga ved eit fjellskred – Åknes Tafjord Beredskap IKS | Ikkje datert |

1.5 Gjennomføring

Formøte med kommunane Norddal og Stordal kommune vart gjennomført 22.01.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført for begge kommunane 26.03.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

| Deltakarar | Stilling | Formøte | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|---------------------|--------------------------|----------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Arne Sandnes | Ordførar Norddal kommune | X | X | X | X |
| Karl Andre Birkhol | Rådmann Norddal kommune | X | X | X | X |
| Aud Lindis Ødegaard | Beredskapskontakt | X | X | X | X |
| Eva Hove | Ordførar Stordal kommune | X | X | X | X |
| Anne Berit Løset | Rådmann Stordal kommune | | X | X | X |
| Stine Sætre | Fylkesberedskapssjef | | X | X | X |
| Atle Morsund | Rådgjevar | X | X | X | X |

2 Hovudintrykk

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Heilskapleg felles ROS-analyse med Stordal kommune er frå 2019 og er forankra i kommunestyret. Analysen oppfyller alle minimumskrava i forskrifta, så vidt. Vi saknar ein meir systematisk gjennomgang av korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar påverkar kvarandre. Det går ikkje fram korleis relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS. Vi er òg usikre på om risikoakseptkriteria, og då særleg kategorisering av konsekvensar i ROS-analysen, er tilpassa kommunane.

Når det gjeld potensialet for forbetring er det å følgje opp og prioritere funna i ROS-analysen tydelegare. Dette for at dei risikoreducerande tiltaka som er identifisert, kan verte inkludert i arbeid med ny samfunnsdel, i ny planstrategi, i økonomiplanar og handlingsplanar framover.

Langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er beskrive i gjeldande samfunnsplan, og i styringsdokumentet til kommunen. Vi rår til at det overordna planverket i den nye kommunen vert oppdatert i tråd med funna i ROS analysen.

Beredskapsplanen til Norddal kommune er oppdatert i mars 2018. Planen oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. I og med at ROS-analysen er så nyleg behandla i K-styret har ikkje Norddal hatt tid til å revidere sin beredskapsplan med utgangspunkt i funna i ROS. Vi oppfordrar kommunen til å revidere beredskapsplanverket i tråd med forskriftskrava, og gjerne slik at det kan brukast som fundament for beredskapsplanverk i den nye kommunen.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere både hendingar og øvingar, og vi finn evalueringar etter både hendingar og øvingar.

Vi registrerer at planverket for helse- og sosialområdet er på plass, og er revidert i 2018. Vi har ikkje sett på innhald i desse planane som ein del av tilsynet. Vi reknar med at revisjon av/ nytt planverk vil få fokus når den nye kommunen er etablert.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Kommunen bør:

- Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har vore invitert og tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Gå gjennom/revidere risikoakseptkriteria for konsekvens i ROS-analysen.
- Forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer (samfunnsdel) i den nye kommunen frå 01.01.2020.
- Revidere beredskapsplanen ved neste korsvegen med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen, for betre å imøtekome forskriftskrava.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Norddal kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.